

«Ej vil høyre TÅOTÅO!»

...kom det frå treåringen i baksetet. Vi hadde nokre timar bilkøyning bak oss, og enno fleire framfor oss før vi var heime igjen.

ANNE MARTA V. VADSTEIN

TOTO, ja, det var eit underleg musikkønske for ein treåring, tenkjer kanskje du. Men, minstemann har erfart at med musikken til bandet TOTO følgjer det ofte allsong og skråling, god stemning og luftpianosoloar. Musikken og songen skapar godkjensle i magen og forsterkar fellesskapskjensla. Andre gongar er det songane *Klart eg kan!* eller *Nede på stasjonen* som står øvst på lista. Også det med allsong til, og nokre fleire ord i samlinga til minstemann for kvar gong.

Poenget mitt er at barnet ønskjer musikken og songen i livet sitt. Både for musikken sin eigen del, men også fordi han kjenner på eit fellesskap og på ei glede over å forstå kva musikkspåket handlar om. Barnet forstår instinktivt at rytmiske og raske songar kan ein godt hoppe opp og ned og danse til, medan



Illustrasjon: Per Ragnar Møkleby

rolege songar er fine å kvile til. «Eit barn vert fødte med 100 språk, men frå 90-99», seier Loris Malaguzzi, mannen bak Reggio Emilia-pedagogikken. Songen og musikken er i oss frå vi ligg i magen og kjenner rytmen og stemma til mor.

Vi treng også musikken i barnehagen. Ikkje berre i samlingsstunda, men også den spontane songen og dei små reglene. I stellesituasjonen, ved bordet, i leiken. Heng gjerne opp ulike rim og regler ved stelleplassen eller i garderoben, så du kan prøve deg på ei ny regle neste gong. Musikken skapar fellesskap, kontakt og tryggleik. Musikken rører ved heile menne-

sket. Det er dessutan veldig vanskeleg å vere sint på nokon som ein syng i lag med!

La det gå sport i å samle på songar som passar til ulike aktivitetar. Samle på dei, henge dei opp eller feste dei i barnehøgda på veggen eller på golvet, med både tekst og ein liten illustrasjon til. Oppmuntre kvarandre til å syngje. Og, om du absolutt ikkje likar det kan du verte ein reser på regler utan melodi.

I arbeidet med språkstimulering i barnehagen er songar, dikt og regler viktig. Det utviklar ordforrådet og gir barnet ei forståing av rytme og rim lenge før dei lærer at det heiter det. Nokre gongar vel ein engelske songar, andre gongar er teksten på bokmål eller ulike dialektar. Ikkje gløym å også velje nynorske songar og nynorske tekstar knytt til rutinesituasjonar som bordvers, bursdagsongar, nammeleikar og så vidare. Hugs at barnehagebarn lærer nynorsk gjennom øyra. Og du; ha det kjekt, då!

Du finn tips til songar, dikt og bordvers på www.nynorsksenteret.no/songar

Eit eple veks fram frå ei blømande grein
To geiter spring rundt på lette bein
Tre fiskar glitrar så blankt i ein fjord
Fire poteter ligg djupt i si jord

Tenk å få ete seg mett kvar ein dag
Kom, lat oss ete og drikke i lag
Hilde Myklebust

@avisapirion

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no



Fart og sjølvtilit

Den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu utvidar programmet. Tredjeklassingane ved Leirvik skule har førebudd seg godt.



Roald Kaldestad og Jane Jünger er klare til å senda Helin av garde i Noregs einaste kassabil i fletta pil. Temaet for Falturiltu, «Fart og sjølvtilitt», er inspirert av Maria Parr sine bøker.

Ekstra dytt til å lesa nynorske bøker



Roald Kaldestad og Jane Jünger er klare til å senda Helin av garde i Noregs einaste kassabil i fletta pil. Temaet for Falturiltu, «Fart og sjølvtilitt», er inspirert av Maria Parr sine bøker.

TEKST OG FOTO: SVEIN OLAV B. LANGÅKER



Rasmus, Helin og Selma høyrer på formidlar Johanne Øvstebø Tvedten lesa gamle historier på Sunnhordland Museum. Embla i framgrunnen.

Tredjeklassingane ved Leirvik skule skriv bokmeldingar til Falturiltu-festivalen

Denne veka kjem sjølvaste Maria Parr til Stord for å vera festivalforfattar under den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu.

- Læraren vår har lese *Tonje Glimmerdal* for oss, fortel Malene. Boka er morosam, synest ho.
- Ho sa dust til to ungar som var der, fortel ho vidare. Helin hugsar ho har lese *Historien om korleis hunden fekk våt snute*. Og *Førstemamma på Mars*.
- Det er kjekt å lesa bøkene, seier ho og Selma i kor. Men dei les ikkje berre på skulen.
- Eg les heime nesten kvar dag, seier Selma stolt.

Leseprosjekt

Tredjeklassingane ved Leirvik skule er med på eit leseprosjekt der dei får skriva bokmeldingar av nynorske bøker, blant anna frå den nye serien med lettlesebøker til Samlaget, *Leseland*. Læraren deira, Hildegunn Eskeland, er glad for å få vera med på prosjektet.

– Ungane er kome veldig ulikt i leseutvikling, og då er det fint å ha så pass mange bøker å velja mellom. Me bruker litt tid på å finna dei rette bøkene til elevane, seier ho. Eskeland synest det er flott at det er kome så mange nynorske barnebøker.

– Ungane synest det er kjekt. Det gjev ein ekstra dytt for oss, seier ho.

I haust har ungene skriva bokmeldingar av bøkene dei har lese. Dei skriv om kva dei liker og ikkje liker ved bøkene dei les. Bokmeldingane har dei klypt ut i sirklar som dei har hengt på Stord folkebibliotek.

FALTURILTU UTVIDAR

Verdas første og største nynorske barnebokfestival varer frå 1. til 7. november.

TEKST OG FOTO:
SVEIN OLAV B. LANGÅKER

– Det var så mykje me vil ha med, at me måtte utvida med ein dag ekstra, seier festivalsjef Roald Kaldestad.

Festivalforfattar Maria Parr går som ein raud tråd gjennom heile festivalen. Det er utstillingar og seminar med forfattaren, i tillegg til at studentar ved Høgskolen Stord Haugesund set opp Tonje Glimmerdal-musikal.

– Det var så mykje me vil ha med, at me måtte utvida med ein dag ekstra, seier festivalsjef Roald Kaldestad.

Dagsland og Nordstoga

Maria Parr er med på å møte Sigvart Dagsland når han held konsert i Stord kyrkje og Odd Nordstoga held konsert og kjem truleg til å spela nokre av songane frå vaffelhjarte-plata *Bestevenn*.

I tillegg til Stord kommune, blir det arrangement i nabokommunane Fitjar og Kvinnherad.

Stord kulturskule har eigen

konsert saman med forfattaren Hans Sande. Sande er også blant kunstnarane ein får treffa i ord- og bilde-verkstad som vil gå føre seg i Galleri Giga heile festivalveka, der også utstillinga hans *Hjartet raknar, huset står*, vil vera å sjå ut veke 46.

150-årsjubileum


Ingunn Røyset og Trio Vest vil gjera heile sju førestillingar rundt om i Sunnhordland, med musikk frå 1940-talet og tekstar frå barnebøkene *Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen* og *Aldri fred å få*.

Og barnebokfestivalen vil òg markera 150-årsjubileet til Alice i Eventyrland.

I tillegg blir det to heildagsseminar på høgskulen om nynorsk barne- og ungdomslitteratur og formidling.

Her er nokre av forfattarane som deltar på Falturiltu:

Rune Belsvik, Bente Bratlund, Tor Arve Røssland. Berit Rødstøl, Maria Parr, Sissel Horndal, Atle Hansen og Martine Grande, Anna R. Folkestad, Vegard Markhus, Anders Totland og Ingvild Sjø.



Hege Myklebust, Roald Kaldestad og Jane Jünger i programkomiteen til Falturiltu.